

Kring J. H. Schröters omsetjing av Matteus-Evangeliet, 1823

Reidar Djupedal

I 1889 skreiv dr. Jakobsen om måltilhøva på Færøyane at «det i daglig Tale almindelig brugte Ordforraad er ét, det skrevne Ordforraad og den trykte Literaturs Ordforraad for en væsentlig Del et andet.»¹⁾ I föreordet til «Færöske Folkesagn og Æventyr», nokre år seinare, gjev han mange døme på slike synonyme ord og ordlag i færöysk. Han nemner at ord som *behagiligur*, ja, jamvel *angenemmur* vert nytta jamsides med t.d. *dámligur*, *dællur*, *fisiligur*, *iheimiligur* og *tespiligur*. Jakob Jakobsen peikar elles på at det er på «begrebsudtrykkenes område» at «fremmedindflydelsen viser sig stærkest i færösk.» Når det gjeld ting og tilhøve som har med heimleg arbeidsliv og kvar dagsstrev å gjera, er framandpåverknaden liten. Til døme radar Jakob Jakobsen opp ymse ord for *uroleg sjö*, og han seier at «om det samlede færöske ordstof blev udgivet i ordbogsform, vilde en sådan ordbog med hensyn til de enkelte artiklers antal næppe stå meget tilbage for Aasens norske ordbog tilligemed Ross' store tillæg til denne.»²⁾

Det som Jakob Jakobsen her fortel frå færöysk, kunne like gjerne ha vore sagt om andre nordiske mål med, t. d.

1) Oppattprenta i «Greinir og ritgerðir», Tórshavn 1957, s. 23 ff.

2) Oppattprenta same stad s. 48 ff.

om norsk. For islandsk må ein vel gjera eit unnatak. Her har målreinsing og mål dyrking alt frå 1700-talet av, både demt opp for ny innlåning og dessutan greidd å visa ut or målet lånord og grupper av lånord, t. d. slike som kom med reformasjonen.

Norske målföre syner at det er særleg dei lågtyske lånorda som har sett merke etter seg. Ofte lever lånorda jam-sides dei heimlege og gjev nyansar til målet. I særlege høve kan det vera tale om ei utskifting, men både notidsmålföre og eldre norske målföreprøver syner at slike utskiftingar helst heng saman med endringar i materiell kultur. Nye ting kjem til og gamle går or bruk, og orda skifter med tingen (som når t. d. *kola* vert avlöyst av *lampa*). Elles finst det mange døme på at lånord representerer stilistiske ytterkantar: anten det svært høgtidelege eller det særmerkt kvardagslege (annamma, bedrift, preike, tekst), eller at ymse avleiingar (t. d. likning, liknad, liknelse, liknament) gjev ulik stiltone. Dette er sjölvsagt eit mangsidig og innfløkt spørsmål, og det finst unnatak frå alle reglar.

Lånorda er i mange høve nyttige. Dei er kulturens sendemenn som fritt fer over landegrensene, og fører med seg gagnlege og tenlege varer som folk fritt kan velja i, om dei så tykkjer. Andre tider kan lånorda vera å likna med framande herstyrkar som legg under seg landet og trengjer heimeorda til side og tek romet etter dei. Samstundes vert evna til ordavleiing og ordlaging nedsett. Skriftmål med lang og stö skriftradisjon kan sjölvsagt tola mykje meir av språklån enn nyreiste skriftmål (som vi har mange døme på i det 19. h. å.), som på alle vis står på svagande föter. Dei store lånordsgruppene (t. d. visse abstrakte ord avleidde på same måten, t. d. ord på *-else*) var då største problemet, ikkje einskilde lånord som dei nye språka lettare kunne ta opp i seg, særleg når dei ikkje hadde ei avstikkande form. Vi skal seinare seia litt om Ivar Aasens syn på desse ting. Her er det viktig å halda fast på at for han var det ei viktig side ved praktisk målarbeid at evna til ordavleiing

vart styrkt. Rettskrivingsspørsmål kunne löysast, formverket kunne fastleggjast, for dette var berre å bokføra praksis etter eit visst system. Ofte vil ein strid om skrivemåten föra eit ordskifte om mål ut på vidotta og skyggja for problem som viktigare kan vera (t. d. innanfor syntaks og ordavleiing). Ein mann som Ivar Aasen var nok mykje oppteken av rettskrivinga, men hans målreisingstanke greip mykje vidare. Såleis tenkte han mykje på ordavleiinga og korleis ein skulle kunna få liv i sovande avleiingssuffiks.

Dette er nemnt her, fordi denne allmenne bakgrunnen kan hjelpa oss til å skjöna kvifor Schröter måtte velja orda sine slik han gjorde, då han sette om Matteus-Evangeliet.

II

J. H. Schröters omsetjing av *Evangelium Sankta Matthæussa* (heretter avstytt til ME) kom på prent i 1823.¹⁾ Året för hadde den fyrste boka på færöysk mål kome ut, *Færöiske Qvæder om Sigurd Fofnersbane og hans Æt*, utgjeven av H. C. Lyngbye på grunnlag av viseoppskrifter etter J. H. Schröter. For ein viseutgjevar var den største vansken rettskrivinga. Så lenge han heldt seg til munnleg tradisjon og gav att visene som han hadde höyrt dei, hadde han ingen vanskar med ordvalet. Teoretisk i alle fall ville dette òg måtte gjelda ordvalet i ein *fri* tekst eller ei *fri* omsetjing. Vi ser då òg at hovudtyngda av den fyrste færöyske og nynorske litteraturen fell innafor emnet fri dikting (lyrikk, småforteljingar og skjönnlitteratur elles). Schröter tok eit steg til. Han sette seg före å setja om ein Bibeltekst, der ordvalet var *bunde*. Han kunne ikkje fritt velja orda etter eige tykkje. Språklege omsyn måtte t. d. vika for dogmatiske og religiöse. Folks smak og tilvande målbruk kunne han heller ikkje sjå bort frå, jamvel om han hadde vilja.

Til dette kjem ein annan viktig ting, som ikkje må glöymast. Schröter hadde ingen ordböcker å sjå etter i, ingen

¹⁾ Jfr. Chr. Matras i «Varðin», bd. XVI, 1936, s. 181 ff., der det er gjort nærare greie for korleis omsetjinga vart til.

grammatikkar å rådföra seg med, ingen mistak å læra av. Han var sjölv den fyrste. Han hadde såleis ikkje anna enn si eiga målkjensle og sitt eige skjön å byggja på. Ivar Aasen valde ein annan framgangsmåte og tok tinga i ei anna rekkjefylgje. För han våga seg i gang med omsetjing i større mun, t. d. ei Bibel-omsetjing, var det naudsynt å få sett ordtilfanget opp i hyller, som han sa, så han til kvar tid kunne vita kva varer han kunne velja mellom, eller med andre ord: föresetnaden for all praktisk målreising var at alt ordtilfanget var tilgjengeleg både i alfabetisk og i synonymisk opprading, og dessutan ordna etter avleiingsendingar.

Utetter vart Schröters ME eit grunnleggjande verk, m. a. av di boka kom inn i mesta kvar einaste færöysk heim. Av 1500 prenta böker vart 1200 sende til Færöyane. Bibelselskapet rekna då med at kvar huslyd skulle få si bok. Dette er ein gest som heilt höver inn i tradisjonen frå opplysningstida. Berre eit par tiår seinare ville denne framgangsmåten ha vore utenkeleg.

Reaksjonen vart då deretter. Alle som kunne lesa, fekk spørsmålet nær inn på livet: færöysk eller dansk i religionsaker. Som vi skal höyra, var fleire misnögd.

Om det reint språklege var det vel få som kunne ha ei rimeleg meining, men meiningar om målet kom då likevel til orde. Vi kan samla kritikken mot målföringa i tre punkt: 1) sjölve rettskrivinga. 2) at omsetjaren nytta ord og vendingar frå kvardagsmålet (döme: kola for lampa, og lýsi for olja). 3) at omsetjaren nytta mange framande ord og vendingar, t. d. frå dansk og lågtysk.

Kritikken mot rettskrivinga kom frå filologar innan den historisk-etymologiske skulen, menn som N. M. Petersen, P. A. Munch, Svend Grundtvig og Ivar Aasen. Kritikken mot kvardagsorda kom frå færingane sjölve, dei som skulle bruka boka til andakt og oppbygging. Denne kritikken gav seg likevel noko med kvart. Kritikken mot framandorda og lånorda derimot, som kanskje ikkje var så sterk med same,

har auka etter kvart som tida har gått og målsansen har svinga i puristisk leid. Både lærde og ulærde har hatt mangt åfått å nemna og mykje å bera före seg. Ja, mange har nytta harde ord mot Schröter i dette punkt, men som vi skal høyra, ikkje alltid med rette.

Striden om rettskrivinga kan vi ikkje koma inn på her. Eit punkt må likevel nemnast, fordi det er med og gjev löysinga på kvifor lastorda mod Schröters målföring fall så tett. Mennene som hörde til den historisk-etymologiske skulen, som vi kan kalla denne språkteoretiske retninga, hevda med styrke kravet om objektivitet og konsekvens. Dei reagerte mot all subjektiv språknormering som ikkje tok omsyn til det dei kalla ålmenne lover (eller reglar) for språkendingar, t. d. i lydssystem (vokalverket var her viktigast) og setningsbygning. Når ein mann på 1700-talet tala om det «beste» mål, kunne han ikkje prova dette med språklege grunnar. Påstanden var subjektiv.

Med den jamförande målvitskapen vart det grunnlagt ein metode som gav seg ut for å vera objektiv. Kunne ein få berrlagt språkløvene, kunne ein 1) rekonstruera målet i fortida (det dei òg gjorde) og 2) ein kunne og seia kva som var den mest rasjonelle og fornuftige rettskriving i samtida (i dei høve der valet var fritt, dvs. i nyreiste skriftmål som ikkje hadde ein fast skrifttradisjon). Utfrå ein gjeven språkteori, som var konsekvent og gav seg ut for å vera ålmengyldig, kunne vitskapsmennene vurdera alle rettskrivingsspørsmål i lys av fortida. Alle praktiske vanskar kunne löysast, fordi systemet låg fast. Brot på systemet fekk særforklaringar (jfr. Verners «unntak» eller «lov»). No var ikkje ei etymologisk rettskriving eit föremål i seg sjölv, var det i alle høve ikkje for Ivar Aasen. Men rettskrivinga måtte vere konsekvent og ha indre samanheng. I regelen vart då ei etymologisk rettskriving den beste löysinga, for den var mest samlande og dekte t. d. over målföreskilnader (jfr. Hammershaimb i FA I, s. LV).

Eit hovudkrav var at språklege strukturar ikkje måtte blandast (den såkalla organisme-teorien). Ord kunne berre lånast i den mon dei ikkje braut med strukturen, dvs. i den mun rötene kunne gå inn som element i avleiings- og böyingssystemet. Nokre få liner gjennom norsk målsoge syner dette tydeleg. Ein mann som Ivar Aasen bygde alt målarbeid (vitskapleg og praktisk) på ein språkteori som han hadde kome fram til ved å prøva seg fram på eit gjeve måltilfang (dei norske målföra). Han avviste fornorskinga, og grunnen var den at fornorsking var å blanda språkstrukturar (dansk og norsk). Derimot hadde alle norske bygdemål

ein sams struktur, og dei kunne gå opp i ein sams formel. Dette galdt og for ordlåning utanfrå. Landsmålet tok opp ei mengd ord t. d. frå dansk (mange var målreinsingsord frå 1700-talet).

I norsk målordskifte har såleis Munch og Aasen same syn. Dei vurderer detaljar ulikt, men dei er samde i hovudsaka. Den målreising som knyter seg til fornorskingslina (Wergeland, Knud Knudsen) vanta forankring i ein språkteori. Difor var det òg for det fyrste heilt uråd å samla kreftene om konkrete mål og konkrete oppgåver. Kravet om fornorsking var frå fyrste stund eit subjektivt krav, og det teoretiske grunnlaget for fornorskinga var av ikkje-språkleg slag, t. d. ålmenne idear om nasjonalitet, opplysningsarbeid, politikk. Med det er det ikkje sagt noko om at slike teoriar ikkje var livskraftige nok, eller at dei var uviktige som språklege drivmakter. Dei var berre av eit anna slag. Landsmålsreisinga byggjer på begge teoriar. Mot slutten av hundreåret får òg fornorskinga sitt teoretiske grunnlag. Nye språkteoriar (t. d. den junggrammatiske skulen, ortofonisme o. l.) legaliserer språkleg påverknad, og granskarane kan syna korleis måla alltid har verka på kvarandre. Etymologi, språkleg fortid m. m. kjem i bakgrunnen. Målet har andre funksjonar som no kjem i framgrunnen (målet er ein talereiskap, har sosiale funksjonar o. l.). Dermed får fornorskinga òg sitt teoretiske grunnlag. Somme av dei menn som (i 1890-åra) stod attom fornorskingskravet var heilt klår over at fornorskinga måtte grunngjevast språkvitskapleg. Dette kjem fram i förearbeida til dei fyrste rettskrivingsendingane. Samstundes får dette omskiftet i språktenking òg fylgjer for Aasens landsmålsrettskriving. Sjølv sagt må ikkje det som her er sagt, takast for meir enn det er: ein freistnad på å gje ei samlande forklåring på alt det brokute og mangfelte som fell slik i augo når det er tale om norsk målstrid. På Færøyane var målspørsmålet ikkje fullt så innfløkt, men dønningane etter dei nye språkteoriane møter vi i striden om *broytingin* kring hundreårskriftet. Samanfatande kan ein seia at alle rettskrivingsendingar fylgjer i kjölfaret på språkteoriane, og skifter med dei.

Dette forklarar kvifor P. A. Munch sa at Schröters rettskriving var «det væmmeligste Tøj, man kunde se for sine Öjne,»¹⁾ eller kvifor Aasen sa at rettskrivinga «saa meget styg ud.»²⁾ Truleg må ein òg sjå Hammershaimbs kritikk på denne bakgrunnen, for elles er det vandt å finna ei samlande forklåring på kvifor han talar om «en plat

1) Sitert etter P. A. Munch: «Samlede Afhandlinger», bd. 2, s. 440.

2) Ivar Aasen: «Brev og dagbøker», bd. 1, s. 232. Om færøysk målvokster sjå elles opplysingar i «Skriftspråk i utvikling. Tiårsskrift for Norsk Språknemd», Oslo 1964, s. 165 ff. med tilvisingar.

smaglös Oversættelse» samstundes med at han lastar færøys-
orda. Hammershaimb skriv (1845) at omsetjinga «har vakt
Forargelse blandt Færingerne; thi den Værdighed, som ikke
er fremmed for det færøiske Sprog, er her fortrængt af en
plat smaglös Oversættelse, som undertiden maa neddrage
dem til den laveste Sfære i deres Røgstuer.» Til døme
nemner han at Schröter har nytta *kola* for *lampa* og *lýsi*
for *olja* i forteljinga om dei ti möyane (kap. 25).¹⁾

Det går elles att i alle utgreiningar om Schröters arbeid
at færingane vanda omsetjinga hans av ME. Kjelda for
dette tykkjest å vera presten Sören Sørensen, som kring
1826 fortel at han let folk lesa høgt or boka. Folk «hörte
paa Oplæsningen som noget Selsomt,» og «*Enkelte*» sa når
eit ord skurra i öyro deira, at dette ordet ikkje var «helligt
(höitideligt) nok til at betegne saa hellige Ting.»²⁾ Det var
m. a. denne opplysninga styret i Det danske Bibelselskapet
bygde på, då det sa nei til Schröters og Jens Davidsens
tilbod om fleire omsetjingar. Bibelselskapet er dessutan
kjelda for biskop Mynster, som på stendermötet i Roskilde
(1844) kunne fortelja, at færingane ikkje ville vita av «det
hellige Ord,» dvs. Bibelen, i «det Sprog, som de plejede
at bruge i deres daglige Omgang.» Færingane «syntes at
betragte det Danske som et højere Sprog.»³⁾

Vi som lever i dag kan sjölvsagt spørja oss om denne
domen var ålmenn. Dei lastorda som har nådd fram til oss,
kjem frå vitskapsmenn, prestar og andre boklærde folk. Kva
folk flest meinte er det ikkje så lett å få greie på, m. a. fordi
vi ikkje har beinveges opplysningar om det. Det spørse-
målet må dessutan reisast: var det berre *målet* folk tenkte

1) Sitert etter S. Frederiksen [Svend Grundtvig]: «Dansken paa Fær-
øerne», Kbh. 1845, s. 61 f. Jfr. Schröters eigen dom i «*Varðin*», XII, 11.

2) Sjå «*Nordisk Tidsskrift for Historie, Literatur og Konst*,» utg. av
Chr. Molbech, bd. 1, Kbh. 1827, s. 554 f. På grunnlag av Schröters ME
laga Sørensen ei (uoriginal) omskrift til norðuroymál av kap. 4. Utgjevar-
merknader ved J. Möller er utan språkleg verd.

3) Sitert etter S. Frederiksen, op. cit. s. 23.

på når dei mislika Schröters omsetjing, eller hadde kritikken andre grunnar. Målføreskilnaden forklarar noko, men religiöse fordomar forklarar meir. Vi veit at alle endringar i religiöse tekster (t. d. Katekisme-utgåver, Salmebøker, Ritual) møter hardsett motstand i alle (protestantiske) land. Döma er mange, og tendensen er ålmenn. Utfrå uklære førestellingar om den såkalla *verbalinspirasjonen* har ord og innhald vorte blanda saman. Dei som var vyrke for innhaldet, vanda alt nytt i ordval og rettskriving. Det seier seg då mesta sjølv at alle Bibelomsetjingar til folkemåla som kom til i førre hundreåret, og som måtte ta opp tevlinga med det trygge og tilvande, møtte hardsett motstand med det same, inntil det nye hadde fått fotfeste. Såleis gjekk det òg med Schröters Matteus-omsetjing. Seinare vart boka berre kalla *föroyska bók*. Nemninga tyder på at Sören Sörensens fyrste dom ikkje vart den endelege.

III

Schröter var ein trottig brevskrivar, og i eit langt skrivelev var det ikkje få brev han skreiv til sine mange og lærde vener. Dei breva eg har lese, styrkjer det inntrykket ein elles får, at Schröter var ein mangfreistar, ein mann med ei uroleg og vidræsen ånd, ein mann som tenkte snøggare enn alle andre, men som samstundes var utan evne til kritisk saumfaring og verdsetjing. Hugskota gav han ingen mottankar, og han handla impulsivt. Brev ber mange vitnemål om det. No skal ikkje dette vera eit forsvar for Schröter, men når ein no skal freista å setja han inn i ein større samanheng, er det naturleg å peika på at eldhugen og nybyggjaranda, og ikkje minst dei fylgjene som arbeidet hans fekk, veg opp alt det han måtte vanta av kritisk sans. Han er ein mann i ei overgangstid, ein mann utanfor dei vanlege kategoriane.

Alt som barn hadde Schröter vant seg til å skilja fleire mål. Far hans var tysk född, og mor hans var færöysk. Om den målblandinga han voks opp i, fortel han sjølv i eit

brev (1821): «Opdragen i Thorshavn talte jeg i Barnsdommen tydsk med min Fader, halv dansk med min Moder, skotsk eller engelsk med mine Legebrødre og en Blanding af de færøiske Dialecter med Börn af den sig i Thorshavn fra de forskellige Öer samlede Almue.»¹⁾ Sjølv fortel han òg at han som ung student i Köbenhavn tok til å skriva brev på færöysk, men desse breva er ikkje lenger til. Seinare skreiv han brev både på engelsk og tysk (som fall han tyngre enn å skriva på dansk, sa han).

I breva sine er Schröter ofte inne på færöyske måltilhøve. Stundom talar han slik i det store og ålmenne, og utan å koma inn på detaljar. Det er difor ikkje alltid godt å vita kva han meiner, eller å finna ei line i alt saman. Han talar både om «Bogstaver» og om «Udtale», men rimelegvis er det språklydar han meiner. Når han talar om språkleg påverknad utanfrå, ser det ut som han tenkjer seg at den (låg-)tyske påverknaden og påverknaden frå andre mål, t. d. frå engelsk, kan setjast i same klasse, og at denne påverknaden har gått føre seg på same måten. Noko er det som er uklårt her.

Her skal vi reisa eit par spørsmål i samband med Schröters måltankar. Schröter understrekar ofte skilnaden mellom islandsk og færöysk. Han nemner ingen detaljar. Påstanden har truleg samband med at Schröter lærde Rasmus Rasks Vejledning å kjenna. Sitt eige standpunkt kan han no formulera skarpare i lys av det han har lært av Rask. Schröter deler færöysk i to hovudgreiner (sjå Fortale til ME): *Noran=Maal* og *Sunnan=Maal*. Nordgreina liknar på islandsk. Om sørgreina heiter det (i brev til C. Chr. Rafn 24. april 1827) at «den Suderøiske» truleg ikkje er så «gammel» som «den nordlige Dialect», men kanskje liknar på «det gamle Danske» (her tek Schröter likevel sine atterhald). Det er freistande å vurdera dette Schröters syn på språkleg «elde» i høve til det vanlege synet den tida, i alle

¹⁾ Jfr. «Færoensia», bd. III, s. X f.

fall slik vi möter det i Noreg: fjellmåla var ekte og norske, dei var eldst og hadde halde på mest av det gamle (kva dette «gamle» var, spurde ingen etter). Vi rører her ved den kompliserte teorien om dei såkalla «fordærvede Di-
lecter». Schröter er ikkje inne på slike tankar, ser det ut til. Han freistar å halda seg til det han reknar for ålment færöysk, det som alle skjönar. Det «rette» er ikkje utan vidare identisk med det «gamle», dvs. med det som t. d. i Noreg vart rekna for normalt. «Utkantane» (her: nord og sør) bör vika for det som ligg midt imellom og ber bru til bae sider. Den historisk-etymologiske skulen derimot har ein annan framgangsmåte: Det samlande, det normale er ikkje «midt»=*standpunktet*, men «over»=*standpunktet*. Ytterkantene vert dregne inn under eit sams tak (dette synet ligg m. a. til grunn for teorien om skriftmålet som språkleg *generalnemnar* for målföra, eit omgrep som det ofte er tale om i Noreg).

Det «historiske» har såleis eit anna innhald for Schröter enn for dei menn som fylgde etter han. Det historiske grunnlaget er ikkje det same som det *forhistoriske*. Dette ser ein m. a. av det Schröter seier om språklån (lånord, framandord, ordlag, litterære vendingar m. m.). Slike språklege element reknar han med, og han legaliserer dei ved m. a. å visa til eldre religiös dikting, som nett har eit sterkt innslag av framande språkelement.

I brev talar Schröter om ymse leivder etter gamal færöysk gudsteneste som han har funne, såleis i Fámjin. Med færöysk gudsteneste er det helst katolsk gudsteneste han tenkjer på. Brot av gamle katolske böner (som han daterer utfrå innhaldet), gjev samstundes prøver på gammalt religiöst mål. Denne sida ved Schröters språkoppfatning skulle ha vore nærare granska. Det som her vert sagt, er berre nokre spreidde åtgåingar kring emnet.

I eit brev til C. Chr. Rafn (1832)¹⁾ talar Schröter om ei religiös omsetjing han har gjort, og seier i den samanheng at han har laga denne

¹⁾ «Breve fra og til C. C. Rafn,» 1869, s. 311 f.

omsetjinga «saaledes som Talebrugen i religiöse Anliggender nu er, skjönt Sproget, saavel i Ordenes Böininge som i Ordföiningerne, betydeligen afviger fra det i profane Anliggender brugelige Sprog, thi man har dannet sig samme efter det Danske, som nu i flere Aarhundreder har været brugeligt i Gudstjenesten.» Det religiöse målet har òg «megen Lighed» med det tyske, og «langt større end det i Kvæderne og andre Fortællinger brugelige.» Til prov for sine påstandar viser Schröter til nokre legendeviser: «I de faa religiöse Sange, saasom Herudissa og St. Stephans Viser samt Jule Visen, der sikkert ere ældgamle, forekommer saa mange tydske Formler og Vendinger, at det næsten er udenfor al Tvivl, at de ere Oversættelser.»

Dei religiöse kveda Schröter her nemner, hadde han elles skrive opp. Eg har sett på ordvalet og språket i nokre av dei, t. d. «Jesus kom äd aini Å»¹⁾ og «Jesus vär föddur a Jowla Nät»²⁾. Elles talar Schröter fleire stader om *Ljómur* og målbruken der (som han ser er islandskfarga). Mellom dei orda som kjem före i desse religiöse kveda, kan nemnast: Aingjil, dojpa, dujrur, forbarma, forutan, al Enda, Frujd, ingå, List, Myrrha, ofra, Prujs, Psaltara-Bouk, Rojkjilse, Sind, skrifta og Skrujn.

I signeformularar finn vi og eit anna ordval enn i dei eigenlege kveda, nett fordi det er yngre långods. Ei bön mot uver er för prenta³⁾. I anna bön mot olme oksar lyder³⁾:

Maria Milda / Leâna mear Linda / til Band a binda
Hodni attan, / Heâlan framman / mak ihn stan Stette
ontkie ont giere Græingur mear.

I ein merknad til den lågtyske setninga skriv Schröter: «Skulde være en Slags Besværgelse i fremmed Sprog. De fleste forstaae ej disse Ord.» Når Schröter ser ut til å tenkja seg ein beinveges påverknad frå tysk på færöysk, kan det nett hanga saman med språklån som dette.

Schröter er altså heilt klår over at det er skilnad på ordvalet i dei gamle (danse-)visene på den eine sida, og i ymse nyare religiöse viser

1) Oppskrift mellom S.s brev til Rafn. Oppskrift med S.s handskrift.

2) Oppskrift same stad. Handskrifta ser ut til å vera R. Rask's. Vi har her eit nytt dôme på færöyske tekster som Rask «retta» på. Sjå elles «Færoensia», VI, s. 63, ff o. fl. st. Ein annan versjon av denne visa er elles prenta (normalisert rettskriving) i «Varðin», XV, s 239 f.

3) «Breve fra og til C. C. Rafn», s. 312.

(«catholske Sange»), signeformularar, böner (t. d. mot uver, trollska p. o. l.) m. m. på den andre. Schröter har sett at i det siste tilfellet var ordtilfanget og ordlegginga påverka av framande mål. Schröter nemner mange mål i fleng, og utan tydeleg å skilja mellom viktige og uviktige lån-gjevarar.

Samstundes med at Schröter heldt på med omsetjinga si av *Matteus-evangeliet*, samla han dei gamle visene om Sigurd Fåvnesbane: *Siure Qveaje!*, tekstgrunnlaget for H. C. Lyngbyes utgåve frå 1822, som før er nemnd. Det seier seg sjölv at skilnaden i ordval og målföring mellom religiöse viser og vanlege kvede måtte te seg tydeleg, ja, at ordvalet måtte synast heilt motsett, no han hadde gamle og nye viser före seg *samstundes*. Teoretisk i alle fall, hadde Schröter to vegar å velja mellom. Anten kunne han byggja sitt nye skriftmål på den litterære (og dermed på den språklege) tradisjon som kveda baud fram, eller han kunne byggja på målföringa, slik han fann ho i nyare diktning og i dagleg-talen, dvs. med mange språklån (ord, vendingar etc.), særleg når mål-emnet var högtideleg og ufaröysk. Schröter valde den siste vegen, jamvel no han visste at målföringa var omskapt og påverka utanfrå. Etter det vi alt har höyrt, var det ikkje ein umogeleg tanke for Schröter dette, av grunnar som vi alt har nemnt. Likevel er det sumt som krev særlege forklåringar.

Det fyrste vi kan spørja om, er: tykte Schröter og hans samtidningar at det fylgde ein högtideleg, ja, mesta gudeleg dâm med manga av språklåna (både ord og vendingar)? Dei domar om ME som før er nemnde, peikar i den lei. I same lei dreg röynsler frå andre land, t. d. frå Noreg, der påverknaden frå dansk-religiöst mål har vore tydeleg og sterk. Dansk mål hadde «*skriftautoritet*». Dessutan veit vi at i merknadene sine til ME skil Schröter mellom ord og vendingar som er *ziirlige* og ikkje. Grupperer vi desse etter språklege særmerke, ser vi at språklåna fell i den *ziirlige* gruppa.

Dernest kan vi spørja: Hadde Schröter noko val når det galdt ordtilfanget? Eigenleg er dette eit reint teoretisk spørsmål, for vi set då opp val mellom eit konkret og eksis-

1) Sjå «J. H. Schröters optegnelser af Sjørðar Kvæði», i «Færoensia» bd. III, utg. ved Chr. Matras, Kbh. 1951-53. I innleiinga er det sett opp alfabetiske ordlister som gjev opplysningar om viseord-fanget (jfr. s. XLIII ff.).

sterande alternativ og eit reint hypotetisk og uverkeleg. Men når spørsmålet er reist, er det m. a. av di eg held det for rimeleg at Schröter ikkje berre har tenkt gjennom dette med islandsk-farga rettskriving, men at han òg har tenkt på ordtilfanget i lys av islandsk purisme. Sumt han seier om islandsk mål ber i den lei. Dette med islandsk-farga rettskriving var elles eit målemne som kom meir i framgrunnen etter at omsetjinga av ME var utkomen (tankar målborne av Jákup Nolsöe o. fl.), men spørsmålet var ikkje nytt. Allereie J. Chr. Svabo var inne på islandsk purisme (som han kjende til m. a. gjennom Jón Eiríksson), men Svabo avviser òg purismen som praktisk ugjennomførleg. Desse trådane kan vel elles fyrst bli utgreidde når kjelde-materialet er betre ordna og granska.

Om no Schröter hadde vilja ei færøysk målföring etter islandsk mønster — vi spør teoretisk — så ville altså denne framgangsmåten har vore ugjennomførleg i praksis, og det av mange grunnar.

Som vi alt har høyr, ville Schröter ikkje gjerne bort frå det som var «historisk» gjeve, dvs. frå det som verkeleg fanst, og denne instillinga avgjorde synet hans m. a. på språklåna. At han avviser ei islandsk-farga rettskriving har då sine «historiske» grunnar, men heng òg noko saman med målsynet hans elles, som vi alt har vore inne på.

Det ville vera brot på ein historisk prossess, om ein tvinga samtidsmålet attende til opphavet (dvs. til islandsk, det «gamle» el. Noran-Maal). I föreordet til ME peikar Schröter nett på at «Færöisk Sprog og Orthographie [dvs. lydssystem] allerede ved Christendommens Indførelse er afveegen fra det Islandske,» for målet i gamle «catholske Sange» syner at måla har skilt lag så tidleg. Det kan òg nemnast at Schröter dreg visse konklusjonar av denne åtgåinga. I brev til Rafn (udatert, ca. 1832) seier han at nokre «Christelige Sange» han har gått gjennom, kan ikkje vera eldre enn «Legendernes Tid i det 14de Aarhundrede,» og grunnen er — skjönar vi — at visene byggjer

på legendene. Den færøyske tradisjon Schröter her hadde fatt i – visetradisjon og måltradisjon – førte etter hans meining bort både frå det norrøne målgrunnlaget og frå dei verdslege dansevisene. Vi drøftar ikkje her om Schröter har rett eller ikkje, eller om opplysningane hans er rette. Vi kan berre slå fast at dette hevda Schröter, og på dette bygde han.

Derneft litt om ordvalet. Vi har før vore inne på Schröters syn på språklån. Det som for oss er viktig å få fram, er dette at Schröter finn eit «historisk» grunnlag for ordvalet sitt. Orda var gjevne, dei fanst i religiøse emne, dei var gamle i færøysk (noko som gamle religiøse dikt var prov for), og folk forstod dei, for orda var ålmenne¹). Bokorda la ein helgadåm over kvardagen, for religion og skriftmål (med språklån) var tættar av same tråd. Kvardagen hadde andre ord og vendingar.

Slik på lag kan Schröter ha tenkt. Går vi så frå teori til praksis, og ser på ordval og målføring i ME, ser vi at der finn vi begge tradisjonar jamsides. Ein ting er det viktig å halda fast ved: Schröter legg for dagen sikker sans når det gjeld å skilja lånt frå heimleg (det kjem m.a. fram i merknadene hans til ME). Kjennskapen hans til dei mange mål, alt frå dei levande til dei daude, har vel skjerpt sansen hans for dette med ordvalet.

Når det gjeld ordvalet i ME, kan vi sjå at dei bolkar som inneheld abstrakte utleggingar, liknader, dogmatiske grunnomgrep og kristelege fyndord og sentensar som måtte reknast for ålmennekunnskap, inneheld mest av språklån. Ordvalet er framandvore og mange syntagmar høyrer nærast heime i litterær stil (dvs. dei er ikkje-færøyske). I desse bolkaner er ordtilfanget gjennomgåande abstrakt, og dette er òg ein grunn til at språklåna dominerer.

Ordvalet er eit heilt anna i dei bolkar (eller dei brot)

¹) I merknadene til ME (o. fl. st.) talar S. om skilnad i ordvalet mellom nord og sør. Til slike skilnader reknar han òg ulike avleiingsmåtar, ikkje berre ulike røter, og d.v. i praksis seia eit anna ordfang.

som har å gjera med arbeidsliv på land og hav, t.d. fortel om garnböting og fiske, onnetider og arbeid i vinhagen, – eller når det er fortalt om ver og vind, land og lægje, heim og huslyd, gammalt rettsstell og nemningar for tider og ykter på dagen. Stutt sagt: når emnet gjeld kjende og nære ting. Ordvalet er her konkret, og orda er færøyske.

IV

Manuskriptet til «Sancta Mathæussa Evangelium gjivi úd uppaa Prent eáv Túj Danská Buíbils Selskeábinun ui Kiöbinhavn» ligg på Det kgl. Bibliotek, Köbenhavn.¹⁾ Manuskriptet inneheld: 1) «Fortale» (etter sekretæren i Bibelselskapet). 2) «Forerindring til Danske Læsere» (av Schröter, prenta her nedanfor). 3) Hovudtekst (kap. 1–5 er ført i pennen av Schröter, resten – etter Schröter – av Jens Davidsen). Til kvart kapitel er det gjeve språklege merknader (som ikkje kom med i den prenta utgåva). 4) «Efterskrift af Correcteuren» (H. C. Lyngbye, datert Gjessing prestegard 13. okt. 1823), som inneheld opplysningar om dei rettskrivingsjusteringar Lyngbye har gjort, og sameleis liste over misskrivingar i manuskriptet.

Omsetjinga var sett opp i åra 1815–22, og fyrste utkastet var ferdig kring 1818. I samråd med vener (m. a. med Jens Davidsen) saumfor Schröter omsetjinga fleire vender. I årsmeldinga for 1819 melder Bibelselskapet at Schröter, «efterat have fuldendt sit Arbejde, meddelte nogle Venner det til Gjennemlæsning, og at disse meddelte ham adskillige Bemærkninger, hvis Vigtighed gjorde ham det til Pligt at gjennemgaae sin Oversættelse paa ny, forinden den sendtes til Pressen.» Vidare vert det sagt at Schröter kom til denne endlykta fordi han hadde studert seg «dybere ind i Sproget og dets Dialecter.»²⁾

1) Ny kgl. Saml. 37, 4to. Titelen på manuskriptet svarar ikkje heilt til den prenta: «Evangelium Sankta Matthæussa, aa Förisk o Dansk. Gjivi úd uppaa Prent eáv tui Danská Buíbils Selskeábinun» (Randers 1823, 162 sider). Dessutan òg dansk titelblad.

2) Jfr. Matras i «Varðin» bd. XVI, s. 184.

Den færöyske målföreskilnaden, eller det Schröter kallar skilnaden mellom hovudgruppene *Noran=Maal* og *Sunnan=Maal*, var sjölv sagt ein stor vanske, ein vanske som seinka arbeidet med rettskrivinga og gjorde at han måtte ta det före seg fleire gonger. Dette problemet vart ikkje löyst av Schröter. Vi skal heller ikkje ta det före oss her. Derimot er det grunn til å spørja kva for eit «dybere» studium det er, Schröter her talar om. Eg tenkjer meg at det her er tale om teoretiske funderingar kring færöymålet, og kva som kan reknast for færöysk og kva som ikkje kan reknast for færöysk (men t. d. islandsk). At dette studiet kom fyrst no (kring 1819) heng etter mi meining saman med at Schröter ved denne tid fekk fat i Rasmus Rask: «Vejledning til det Islandske eller gamle Nordiske Sprog» (1811), der Rask har ein heil bolck om færöysk, som *tillegg* til det islandske. Rask reknar færöysk for ei grein av islandsk.¹⁾ Dette var ein påstand som kunne eggja Schröter til motsegn, og at han gjorde det, har vi alt höyrt. Det som likevel står fast, er at Rask har vekt Schröter til ettertanke. Difor er det naudsynt for han å gå gjennom ME ein gong til. Schröter seier det direkte i eit brev til C. Chr. Rafn 6. januar 1820, der han fortel at han sist sumar fekk låna Rasks Vejledning. «Ieg tilstaaer ieg forstod ej mit Modersmaal för ieg læste den.» Samstundes understrekar Schröter den skilnad som det er mellom færöysk og islandsk.

Til omsetjinga si skreiv Schröter eit langt föreord, «*Forerindring til Danske Læsere*,» der han gjorde greie for sine meiningar om færöysk mål, og der han kom inn på ymse detaljar i rettskriving, målföring og ordval. Denne innleiinga vart ikkje prenta, men ho vart nytta som grunnlag for ei stuttare og meir ålmenn innleiing som sekretæren i Det danske Bibelselskapet sette opp, og der det òg er tale om dei mange vanskar omsetjaren møtte då han skulle

1) I «Undersøgelse om det gamle Nordiske eller Islandske Sprogs Oprindelse,» 1818, reknar Rask færöysk for ei sjölvstendig målgrein.

byggja eit skriftmål på eit talemål som var sundskilt i målföre. Det opphavelege föreordet lyder:

Forerindring til Danske Læsere!

«Oversætteren anseer det færøiske Sprog at bestaae af 2de Hoved Dialecter, hvilke Indbyggerne selv adskille med Benævnelsen af *Noran Maali* og *Sunnan Maali*. Af disse er *Noran Maali* mærkeligen liigere med det ældste Islandske, saavel i Sprogets Organisation, som formodentlig ogsaa i Udtale. Dets Særkiende er: at det bruger *víjd* som personligt Stedord i Totallet, og *véar* i Fleertallet, samt i Fleertallet af Giærnings Ordene Endelserne *úm*, *ún* og *a*, saasom *véar lesum*, *téar lesun*, *tei lesa*. Ogsaa udtales en deel Ord forskiælligt fra andre Dialecter som *fäa*, *släa* for faaa, slaaa. Denne Dialect tales reenest paa den nordostlige Deel af Stömöen og af Österöen samt endeel af Norderöerne. Udtalen i denne Dialect falder i det stræbende og langtrukne, ligesom Beboernes Carakteer ogsaa synes meere gravitætisk.

Den anden Hoved Dialect adskiller ikke Totallet fra Fleertallet og bruge[r] Endelsen *a* i alle 3 Personer i Fleertallet af Giærnings-Ordene saasom *viid lesa*, *tiid lesa*, *tei lesa*. Som en Under Dialect adskiller den Suderöeske sig ved Fleertallets personlige Stedord *ogur*, saasom *ogur snakka ogra Maal*; vi tale vort Sprog, og tillige ved en anden Form af visse fremmede Ord saasom *Proupheti* og *Prouphetin* hvilket i den nordlige Dialect bruges *Proupheta* og *Prouphetan*.

Præpositionen *til* bruges i den sydlige med Hensyns Formen, saasom *til tes* og *til téa*. Endeel Talemaader ere ogsaa forskiællige i Dialecterne. Saavidt det har været Oversætteren mueligt ere de anførte i de Anmærkninger, som følge ethvert Capitel. Dog, forsaavidt Talemaaderne i den Suderöiske Dialect troedes lignede Oldsproget, ere de fortriinligen beholdte. Gandske at foreene disse Færøiske Almue Dialecter til et Bogsprog, troer Oversætteren ej mueligt inden deres Omdannelse, hvortil vilde udfordres fleere Menneske Aldre, og tillige unyttigt, da det Danske Sprog i Aarhundreder har været det fælles Bogsprog for de oplyste, hvorfor naar bestemtere Begreber om de Danske Ord kunde udbredes ved Oversættelsen blandt de uoplyste, da er ogsaa den vigtigste Hensigt af samme opnaet.

Aller meest afviiger Udtalen paa de forskiællige Öer fra hinanden, den Sandöiske som syngende, den Suderöiske som hurtigt og meest liig den Danske eller maaskee Angelsaxiske.

At indføre Islandsk Orthographie vilde være til Hinder for Kundskabers Udbreedelse ved Danske Böger. I fleere Aarhundreder ere Danske Bogstaver og Stavelses Maade brugte, skiöndt med forskiælligt Tonefald paa visse Öer, hvorfor ogsaa de Færøiske Oldtids Sange ere skrevne med Danske Bogstaver og efter Dansk Stavelse Maade; saa

nær Udtalen som mueligt. Vel synes herved det Færøiske Sprog meget afvigende saavel fra Oldsproget, som det nuværende Danske, men ved at sammenligne det Danske, som det udtales, med det færøiske, vil man finde, at de ved Udtalen kommer hinanden nærmere, saasom *sige* med *sija*, *spørge* med *spirja*, *leede* med *laja*, *leede* med *laida*, nemlig søge efter. Ogsaa de Danske Ord *Det* med *Teá*, *ieg* med *E*, *mig* med *me*, *dig* med *te*, hvilket synes at viise, at den Færøiske Mundart ej blot er afvegen fra Oldsproget efter samme Regler som det Danske, men at den Færøiske Udtale i Oldtiden selv har været den Danske nærmere end den Islandske. De ogsaa i det Færøiske optagne fremmede Ord *Evangelium*, *Discipel*, *Prophete*, viise at Færøisk Sprog og Orthographi allereede ved Christendommens Indførelse er afvegen fra det Islandske, hvilket ogsaa Lioumerne, som have baade paa Islandsk og Færøisk, saavel som andre catholske Sange, synes at viise.

Den vedtagne Orthographie synes ogsaa nødvendig for Indfødde Danske, naar de, som Lærere, skulde giøre sig fuldkommen forstaaelige for enhver blandt Deres Menighed og kunde gjensidig Fortrolighed fremmes, samt Underviisning og Raadførsel lættes, da er Oversættelsens Hensigt fuldkommen opnaet.

Med ydmyg Fortröstning til Guddommelig Bistand forhaabes samme af Oversætteren.»

Av merknadene til ME skal her berre nemnast nokre særmerkte døme som kan syna korleis Schröter veg det heimlege mot det framande, døme som reint konkret kan fortelja oss kva ord og ordlag han sette opp mot kvarandre. Orda *Badje* og *Paabi* gjeld «Familie Forholdet», men *Brouur* og *Feâjir* vert nytta når «man vil uttrykke sig med større Højtidelighed.» *Febir* er eit nyare ord. Talemålet har jamnast *Sott* eller *Kaldasott*, eller berre *Kölduna*. I staden for «á enn ikkje Salomon» kan nyttast «á ikkje sjolvur Salomon», som er «ziirligere». Språklege nyansar kjem fram i opprekningar av færøyske synonym som han jamfører med dei lånte. Nokre døme syner typen av synonyme variantar: *Agtingamenn* eller *Hirar*, *atturead* eller *up vi sé*, *begreava* eller *jeåra*, *bekiænna* eller *graina fraa*, *doibast* eller *skuirast* (som «i nogle Dialecter» berre tyder «at give Navn»), *forlaada* eller *tilgjéva*, som òg kan heita *firigjéva*, *hearfiti* eller *thuitaa*, *hailat*, *hailit* eller *halga*, *Kierald* eller *Uilaad*, *Kladna* eller *Buuna*, *Lægjari* eller *Læknis-*

meávur, *Mindihaid* eller *Spekt* o *Médi*, *Orarigti* eller *Gjiti*, *Rattelihaid* eller *Ratfærdihaid*, *saaliur* eller *séalur*, *sagt-mouiuur* eller *speâgförur* eller *speâgsinnavur*, *Vitnisbuur* for *Vitni* eller *Vitniskja*.

I staden for *Oudnarvæ-ur* (8,24) kan nyttast *Havgjir* («dog siges dette kun om Bölgernes Brusen og om Storm»). I staden for «o trúaje *Oudnina* o *Sjegvanar*» (8,26) kan ein nytta: «o tryttaje» eller «hödtaje *Gleávuunun* o *Havgjirinun*». Dette kan òg ordleggjast: *Gleávur* o *Sjouarilska* (8,27). Det må elles nemnast at ordet *Kodngölv* (3,13) i manuskriptet er skrive *Sodngölv*, men Lyngbye reknar det for skrivefeil og rettar det (jfr. hans liste over skrivefeil). *Kodnhus* (13,30) derimot, står slik i manuskriptet (men må vel reknast som avskrivingsfeil).

V

Ordtilfanget i ME fell i fleire slag. Av praktiske grunnar kan vi tala om tre hovudkategoriar:

- 1) Reine framandord eller teologiske fagord og tekniske nemningar (somme av desse er omsetjingslån, t. d. *Minnisraim*).
- 2) Språklån som femner både om lånord og om syntagmar frå litterært språk, stutt sagt, ord og vendingar som har kome utanfrå.
- 3) Reint færøyske ord og vendingar.

Dei reine framandorda både har vore og er framleis stilistisk fullverdige. Ivar Aasen tykte ikkje det var naudsynt å skifta ut ord av dette slaget. «En saadan Strenghed i Sprogrensningen synes dog ikke nødvendig,» seier han i eit brev (1880) der det er tale om ordtilfanget i Katekisma.¹⁾ Desse orda står såleis i ein klasse for seg. Dei fleste er konkrete.²⁾ I stilkvalitet høyrer vel òg setningar på hebra-

¹⁾ Ivar Aasen: «Brev og dagböker», bd. 1, s. 189.

²⁾ *Aasin-inna*, f (21,2. 21,5. 21,7). *Aingjil*, m. *Alabastu-Krukka*, f (26,7). *Apostul*, m (10,2). *Ark*, f (24,38). *Basuna*, f (6,2). *cananittur*, a (15,22). *Devul*, m (7,22. 9,39 o. fl. st.). *Discipul*, m (8,21 o. fl. st.). *Evangelium*, n

isk til i denne gruppa. Dei gjev teksten ein högtideleg dâm.

Stormengda av språklåna ser elles ut til å femna om eit mykje langt tidsrom (frå mellomalder til opplysningstid). I visse høve er det tale om syntagmar der kvart einskilt ord er norrønt nok, men der sjölve uttrykket er lånt. Det er òg fleire døme på at eit færøysk ord har fått ei ny og meir litterær tyding. Dette må då òg reknast som språk= lån. Stormengda av desse orda finst òg i norsk.

For å få ein tokke av kva ord og vendingar det her er tale om, tek eg her med orda på an=, be= og for=, og dess= utan dei som endar på =haid og =ilsi (eller =ilse)¹). Dei

(4,23 o. fl. st.). *Fasta*, f (17,21). *fasta*, v (9,14 f). *Figin*, subst. (7,16). *Figintrea*, n (22,19 ff. 24,32). *Galilajari*, m (26,69). *Jödi*, m (28,15). *Jöda Kongur* (2,2). *Kalkur*, m (26,27) og *Kealikur*, m (26,39. 26,42). *Kameelur*, m (19,24) og *Kamela*, f (23,24). *Kamelu-Haar*, n (3,4). *Klinta*, f (13,25). *Krouna*, f (27,29). *Legionar*, m pl. (26,53). *Maistari*, m (8,19). *Mammon*, subst (6,24). *Menniskjans Sonur* (9,8). *Minnisraim*, f (23,5). *Myrrha*, subst. (2,11). *Offur*, n (9,13). 12,7). *Olmussa*, f (6,1). *Omin* (Amen), subst (6,13. 28,20). *Paaskalamb*, n (26,17. 26,19). *Paaskjir*, f pl. (26,2. 26,18). *Perla*, f (7,6. 13,24 f). *Pharisaiari*, m. *Portur*, n (7,13 f). *Própheti*, m og *Própsheta* m (Schröter seier at begge former finst). *próphetera*, v (7,22). *preådika*, v (4,17. 24,14). *Purpur-Kaaba*, f (27,28). *Sabbatur*, m (12,1 f. 12,8. 12,10. 24,20). *Sabbatshælg*, f (12,5). *Saddusaiari*, m (3,7). *Salva*, f (26,7. 26,9). *salva*, v (6,17). *Samaritanars Stéa* (10,5). *Sinopskodn*, n (13,31). *Skuebrej*, n (12,4). *Surdadgj*, n (16,6). *Synagouga*, f (mange døme). *Talentir*, subst. pl. (25,15 f. o. fl. st). *Tempil*, n (21,12. 26,60). *Templa-Kista*, f (27,6). *Testamenti*, n (26,28). *Throuna*, f (19,28. 25,31).

¹) *ankléaa*, v (27,11). *annaama(st)*, v (10,8. 24,40 f. 25,20). *Anstiggjilihaid*, f (0 taa-ui Tid sudja Anstiggjilihaidina aa Ojelæggjilsenun, 24,15).

bedröva(st), v (14,9. 26,22. 26,37 ff.). *befa(d)la*, v (1,24. 8,18. 14,9. 27,10. 27,58. 27,64). *Befalning*, f (4,6. 11,1). *befatta*, v (27,19). *befongd*, a (4,24). *begjinna*, v (4,17 o. mange eks.). *Begjinnilse*, subst. (frå Vêrins Begjinnilse, 24,21, jfr. 24,8). *begjæra*, v (27,58). *begreäva*, v (8,21). *Behêa*, subst. (27,43). *Behêajilihaid*, f (3,17). *bekjenna*, v (7,23. 10,32). *beraja*, v (25,41. 26,17). *beröba*, v (26,73). *bestanda*, v (12,25 f.). *bestandur*, a (24,13). *besættur*, a (4,24. 8,16. 8,27. 9,32). *beteäla*, v (18,34). *betonkja*, v (21,25). *forargast*, v (11,6. 13,21. 13,57. 26,31. 26,33). *Forargilse*, subst. (16,23). *forbanna*, v (5,44. 25,41). *forbarma*, v (9,27). *fordærva*, v (6,19. 10,28). *fordömdur*, a (27,3). *forfilgja*, v (5,44. 10,23). *Forfilgjilse*, subst. (5,10. 13,21).

fleste orda i denne gruppa er abstrakte. Mange av orda i denne gruppa høyrer daglegtalen til, i alle fall i norsk.

Og ein ting til. Vi kan sjå at eitt og same grunnomgrepet, som den danske parallelteksten gjev opplysning om, kan vera gjeve att med ulike, men synonyme ord og vendinger, alt etter emne og samanheng. I høgtideleg stil og der det er tale om abstrakte emne, dominerer språklåna. I jamn forteljing, i skildringar o. l., har ordvalet ein meir færöysk karakter.

Schröter var omhugsam med synonyma, og han talar i brev om at færöysk har mange synonym som slett ikkje kan nyttast om einannan. I brev til Rafn (udatert, ca. 1832) talar Schröter om Svabos Lexicon. I den samanhengen lastar han Svabo for ikkje å ha teke nok omsyn til det synonyme i færöysk. Svabos ordbok vil nok, seier Schröter, «give et Bidrag til Oldsprogets Oplysning, naar Orthographien blev som den Islandske, kun synes mig samme ikke adskiller Brugen af vore mange Synonymer der dog

forfjounast, v (10,22). *forfærest*, v (12,23). *forföra(st)*, v (24,4. f. 24,11). *Forfövari*, m (27,63). *forgenga*, v (5,18. 24,35). *Forhang*, n (27,51). *forhæra*, v (13,15). *forkjinna*, v (28,11). *forkóma*, v (dvs. drepa) (2,14). *forkómast*, v (5,29. 9,17). *forkómin*, a (ead taim forkomnu Faarinun, 10,6). *Forkomilse*, subst (7,13). *forlaada(st)*, v (6,12. 6,14. 9,2. 9,5 ff. 12,32. 19,35. 27,48). *Forlaadilsi*, subst. (til Sindinas Forlaadilsi, 26,28). *forlobin*, pf. part. (14,15). *formaina*, v (3,14). *forraa-a*, v (10,14. 10,21. 24,10. 26,21. 26,23 f. 26,48. 27,3 f). *Forraa*, subst. (12,35). *forstanda*, v (13,11. 13,13 f. 13,51. 15,17). *fortéabast*, v (18,14). *forvanla*, v (17,2). *forveara*, v (27,64. 27,66).

Haimelihaid (13,11). *Harlihaid* (4,8. 6,29. 16,27. 19,28. 24,30. 25,31.) *Kjærlihaid* (24,12). *Mamihaid* (21,23). *Ourattelihaid* (24,12). *Rattelihaid* (5,6. 5,10. 5,29). *Ratvuishaid* (6,33). *Sanhaid* (22,18). *Skroibelihaid* (4,23. 8,17. 9,35). *Spidalskhaid* (8,33). *Övrihaid* (8,9).

Ord på -ilsi (som også kan skrivast -ilse): *Begjinnilsi* (24,8. 24,21). *Forargjilsi* (16,23). *Forfilgjilsi* (13,21). *Forkómilse* (7,13). *Forlaadilsi* (26,28). *Fruistilsi* (6,13. 26,41). *Ojelæggjilsi* (24,15). *Roigjilsi* (2,11). *Skjikjilsi* (16,3). *Spögjilsi* (14,26). *Umvendilsi* (3,8. 9,13). *Upstandilsi* (22,23. 22,28. 22,30 f. 27,53).

Det vil her föra for langt å prenta ei fullstendig liste over språklån i ME. Orda ovanfor er berre eit utdrag av ei lenger liste. Tilvisingane gjeld kap. og vers i ME.

er langt mere bestemt, end i de nyere Sprog.» Vidare seier Schröter at «en urigtig Brug» av slike synonym «ej stöder mindre end i det Græske.»

Denne utsegna tolkar vi slik: Schröter legg medvite vinn på å avgrensa orda etter innhaldet. Han jamförer med gresk, som han set færøysk i klasse med (på dette punktet). Som motsetnad nemner han «de nyere Sprog», og dansk kjem vel truleg inn mellom dei.

Schröter byggjer på talemålet, og han avviser all konstruksjon. Det ser vi tydeleg av eit svarbrev til Rasmus Rask (sendt til Rafn 1829). Schröter hadde sett om Föroyingasaga, og Rask hadde saumfare manuskriptet. I den samanhengan spør Rask om bruken av orda *Verpápi* og *Verfäjir*. Rask har konstruert seg fram til eit anna ord, *Vujvfäjir*, og no vil han vita om dette kan nyttast i staden. Schröter svarar kort og godt at «det kan ikke bruges.» Elles gjer Schröter greie for nyansar mellom ei rad færøyske ord og ordlag, såleis freistar han å visa kva som er skilnaden på *tosa*, *snakka* og *tála*.¹⁾ Rask var lingvist, og utfrå vanlege reglar for ordavleiing og samansetning har han kome fram til eit ord som var filologisk litande, men Schröter avviser ordet fordi det ikkje finst i talemålet.

Vi ser såleis at Schröter både i teori og praksis arbeider målmedvite med ordvalet. Synonyma kjem ikkje inn på slump. Ordvalet rettar seg etter emnet. Nylagingar avviser han. Denne åtgåinga legg ein nyanse til biletet av Schröter. Det har stundom vore sagt at Schröter vantar stilsans. Det kan ikkje vera rett. Tvertom. Det er stilsans han har, men denne stilsansen er av eit anna slag enn den vi möter etter at den jamförande og historisk-etymologiske målgranskinga hadde endra synet på språkleg purisme, og den nasjonale og romantiske målreisinga som bygde på desse språk-teoriane, hadde drive inn i folk ein annan smak, m. a. gjennom litteraturen, som no fekk mykje sterkare gjennomslagskraft som norm for skrivinga.

1) Jfr. «Færoensia», bd. VI, s. 51 ff.

Purisme og målreinsing har vore nemnde. Ser ein Schröter i tids- historisk samanheng, fell han midt mellom to målreinsingsbylgjer, 1760- åra og 1860-åra. Purismen på 1700-talet föreskriv ingen ålmenn regel for målreinsinga, men kvar forfattar tek före seg orda einskildvis og etter kvart som dei melder seg. I regelen er det tale om omsetjings- lån etter nederlandsk og tysk mönster. Gjennom denne purismen vart bruksområdet for måla sterkt utvida. Omsetjingslåna hövde inn i sys- temet, og som det alt er peika på, overtok t. d. Aasens landsmål ei mengd ord av dette slaget.

Purismen på 1800-talet har ein annan karakter. Grunnen var fyrst og fremst den at den historisk-etymologiske skulen hadde gjort målreins- inga til ein systematisk vitenskap, dvs. til ein lekk i den jämförande mål- granskaing. Det regelbundne ved systemet kunne nyttast ut til föremun for målreinsinga, m. a. ved å gjera avleiingssuffiks aktive. Orda vart ikkje no vurderte einskildvis og etter kvart som trongen etter eit av- löysingsord melde seg. No vart orda vurderte i grupper. Om Ivar Aasen kan ein mesta seia at for han var avleiingssuffiksa viktigare enn rötene, for utan aktive avleiingssuffiks ville landsmålet ikkje koma utor mål- förestadiet. Rettskrivinga var for han det minste problemet. Purismen vart såleis meir förebyggjande og gjekk på framtida, enn han var av- löysande og gjekk på fortida. Om Knud Knudsen med «Unorsk og norsk eller fremmedords avlösning» (1881) kan det seiast at han bygde på den same språkteori som Aasen, og boka er viktig for den utskifting av ordtilfanget som går for seg i norsk bokmål i slutten av hundreåret, og meir p. g. av prinsippet enn p. g. av dei konkrete framlegg.

Purismen etter 1860 har såleis eit språkteoretisk grunnlag, og heng nöye saman med alle dei andre komponentane i det innflökte emnet som heiter *målreising*, både i Noreg og på Færöyane, og mange, mange andre stader. Det er eit ålment fenomen i det 19. h. å. Det var den historisk-etymologiske språkteorien som förte til dette omslaget i språk- tenkinga, men det var *ikkje-språklege* drivmakter (t. d. nasjonalisme, romantikk o. m.) som förte teoriane ut i praktisk gjerning.

Omsetjinga av ME spelar i mange fargar. Som det för er nemnt, er same grunnomgrepet gjeve att med ulike men synonyme ord og vendingar, alt etter emne og samanheng. Ordvalet skifter mellom det högtidelege og det kvardagslege.

Nokre abstrakte synonym kan nemnast: *bedrövast, sirgja, graada um, grämja se um, inkast, fadla i Faat, bluiva fitin*. Ved sida av *heåva Beheå ui finn vi ordelag som heåva Fragd ui, heåva Taidi ui*, eller vendinga *so fandst tear um tea* (som er omsett etter: thi det var saa- ledes behageligt for dig, 11,25). *Falskur* skifter med *rangur* og *main- svorin*, og *beteåla* skifter med *vaida, gjera eåv, gjalda, graia til Handar*. Elles finst: *kjebslaa-a, faa-a, bera fram* o. l. *Annaama* skifter med *teåga*

ui moudi eller *teaga vui*. Antvora skifter med *faa-a ui Hændur, leâda, föra firi se*. Gjera Graje firi er nytta i forteljing, men vi stöyter og på halda Rajinskeab (25,19). Det heiter: *Onkje ér loinit* (10,26), men vi finn og ordlag som: «*Himmerigjis Ruigjis Haimelihaidir*» (13,11). For eigedom o. l. finn vi *Liggjandafæ* (2,11. 19,21), *Forraa* (12,35), og elles *Ogn*. Fedreland er kalla *Föploss* (13,54. 13,57), ei nemning som gjev höve til mange funderingar. I brev talar Schröter om *Moderland*.

I ME finst ymse nemningar som vedkjem rettsstellet: *Skjild, Sækt, Doumstoulur, Tingstova, Tingrai, feâra til Tingar*, o. l.

Nemningar for konkrete ting skifter òg noko alt etter samanhengen: *Arbajari, Tjenari og Medtjenari* skifter med *Bönafolk, Bönamenn, Eâgurfolk, Husfolk og Svainar*. Av husdyr kan nemnast *Seiur, Faiduneyd, Gjédabukkur og Gjeldingur*. Det heiter t. d. «*thui tei vouru magtaleis o eadspraid, sum Seiur, ui Ongjin huglar*» (9,36), «*O han skeâl stidla Sejin vi suina högru Suju, o Gjédabukkanar vi teâ vinstru*» (25,33, jfr. 25,32). Derimot heiter det *Faar* naar det er sauer i bibelsk meining, t. d.: «*Men gengji heldur eâd taim forkomnu Faarinun ur Husi Israels*» (10,6), «*Ee eri ikkje údsendur utan til tei vidlini Faarini eâv Israels Husi*» (15,24). Som det fylgjande sitatet syner, nyttar han *Faar* og *Slanga* når det er tale om litterære metaforar: «*Sui, Ee sendi Tikun sum Faar midlun Uulvar, væri thui snigvnr sum Slangur, o ainfoldijir sum Digvur*» (10,16). Å bruke *seiur* og *ormur* her ville bryta med eit tilvandt ordlag. Difor lânorda.

Av stilistiske årsaker finn vi skifte mellom synonym som t. d. *Basûna* og *Luur*; *Gouds* og *Ogn*; *Torv* og *Tûn*; *vaxa* og *neâla*; *Frugt, Lourr* og *Aavöxtur*; og *Kappi, Kaaba* og *Bjaalvi*. Det danske *Sæk* og *Aske* er omsett med: «*taa höddu tei longu sujani umvendt sé ui Bjaalva o Ösku*» (11,21). Når det er tale om Kristi klede, heiter det *Kaaba*: «*O tair kladdu han eâv, o kastavu aina Purpur-Kaabu um han*» (27,28, jfr. 27,31). Elles finst mange synonym for påklednad og kledebunad.

For yktene på dagen finn vi nemningane den *satta Tuima* og den *nuidjinda Tuiman* i högtideleg samanheng (her krossfestinga, 27,45 f). I forteljinga om bonden og vingardsmennene derimot, nyttar Schröter færöyske nemningar: «*O um Landsuur* [i den danske teksten: den tredie Time] *four han ud, o saae Eârar standa firi Onkje ui Tûninun*» (20,3). Og vidare heiter det: «*Attur four han ud um Middêa* [dansk: ved den sjetzte Time] *o um Noun* [dansk: den niende Time]» (20,5).

Det seier seg sjölv at ord og nemningar for land og landslag, hus og tun, innreidnad og reidskap er færöyske: *Bigd, Builungur, Gail, Gailarhodn, Gjæri, Grannaleâ, Grænd, Göda, Haii, Steâ, Tûn* og *Vê*, — *Björg, Eâgur, Daild, Fjöra, Fjadr, Jeâraklettur, Klettur, Sjouarmaal, Vödlur*. Pal-lads kallar han *Borg*, og elles finn vi ymse nemningar for hus og innreidnad, t. d. *Bingji, Bridleypsstova, Keâmari, Lón, Skjemma, Sodngölv*

og *Sodnhus* (prenta Kodn-, som er prentefeil, jfr. opplysningar her framanföre).

Det er kraft over setningar som:

«Tuininga Skublan ér ui hansara Haand, o han skeâl rainska Sodngölv suit, o senka Qvaidi ui Bingji; men Dumbena skeâl han brenna up vi ouslökkjeliun Eldi» (3,12).

«Up»attur ér Himmerigjis Ruigje luikna vi aina Noud, sum vœrur sæt úd ui Héavi, o samlar seaman Fisk êav ödlun Slöun. Men taa-ui hón ér full, dreaa tei heana up ui Fjöruna, o sida o henta tair gouu up ui Bittur, men tair ringu bleaga tair úd attur» (13,47 f.).

Ei nærare granskning av Schröters merknader til ME er elles naudsynt, om vi skal koma til sikre resultat når det gjeld grunnane hans for det endelege ordvalet. Fleire døme er för nemnde. Her skal nemnast eit anna. I den prenta teksten står: «*Sónur muin! vœr frumoudiur*» (9,2). I merknadene heiter dette: «*Luitli muin! heav godt Tresti,*» som ikkje er ringare. Det fyrste ordlaget må vel seiast å vera det mest litterære (dvs. «ziirlige»).

Det var ein stor og djerv tanke Schröter sette ut i livet med omsetjinga si av Matteus-evangeliet. Av det som för er sagt, var oppgåva mesta ulöyseleg, ja, kanskje kan vi seia at ho var ulöyseleg. Dette heng saman med målstoda og heile kulturbakgrunnen den gongen. Han var den fyrste.

Schröters arbeid må ein sjå i høve til tilsvarande arbeid i andre land som det ligg nær å jamföra med. I Noreg finst ikkje eingong konkrete planar om ei Bibel-omsetjing ved denne tid. Dei få prøver vi har på religiös målbruk för om lag 1850, er helst for kuriöse smakebitar å rekna. Ei omsetjing som Jakob Raschs «St. Pauli Epistel til de Romere,» vers 1–32 (om lag 1700, jfr. «Syn og segn», 1950) er helst primitiv. Abstrakte lånord dominerer (jfr. vers 29–31). Fyrst med Aasen kjem det ein snunad, men som vi alt har nemnt, våga ikkje eingong han å gå i gang med Bibel-omsetjing för måltilfanget var granska og systematisert.

Det er òg verdt å nemna at den fyrste omsetjinga av ME til vestfrisisk (ved J. H. Halbertsma) kom i 1857, og til norsk Landsmaal i 1887 (det fyrste nynorske Bibel-skrift kom i 1870). Heime på Færöyane gjekk det òg mange år för nokon våga seg i kast med Bibelen. Hammershaimb

gjorde det ikkje. Dei prøver på Bibel-omsetjing som vi har frå slutten av hundreåret, t. d. «St. Peturs fyrri epistul» ved J. P. Gregoriussen (1895) og «Bibilsöga» ved Joen Poulsen (1900), og her må òg nemnast «Hásongurin» ved J. P. Gregoriussen (udatert, truleg frå 1880-åra), syner at omsetjarne har hatt vanskar med ordtilfanget.¹⁾ I «Hásongurin» finst ord både frå kveda og frå fjerne og framande land.²⁾

I rettskrivinga byggjer Schröter på Svabo-tradisjonen. Elles er det mykje i Schröters tankegang og förestellingsverd som seier oss at han er ei sein frukt av opplysningstida (t. d. sansen for å vera nyttig, sansen for praktisk opplysningsarbeid og utbreiing av kunnskapar). Men det er òg andre tætter i han som peikar mot romantikken (t. d. sansen for fortida, for segner og folketru, for det mytiske og mystiske). Vi skal ikkje greia ut desse hesplar her. Kanskje vil det vera rettast å seia at Schröter er ein mann i ei overgangstid, ein mann som sjölv personifiserer overgangen.

Vi har tala mykje om Schröters ordval og stilsans. Desse spørsmål må vi vurdera på bakgrunn av samtida. Berre få år etter – t. d. i 1840-åra – ville ordvalet ha hatt ein annan verknad. Det Schröter ikkje kunne vita, var at dei orda han sjölv rekna for högtidelege og høvelege i religiöst mål, på få år skulle bli devaluerte og fullstendig ubrukelege anna enn i låprosa. Grunnane til dette er för omtala. Domane

¹⁾ I «St. Peturs fyrri epistul» (her sitert etter særprentet) finn vi m. a. fleire ord på -heit: friheit (11), hoyruligheit (6), kjærligheit (22,27), lýðugheit (1), og på -ils: kvinnumgangils (14), stúrlis (26), umgangils (17), vælsignils (16). Elles ord som: begynna (23 f), forgangiligur (3,5), prøvast (2), smikur (7), svikasnakk (7), tjenari (11), æra (11). Av genitivar: eigindómins folk (9), náðinsgáva (15) og dessutan former som: frá holdsins lystum (10).

²⁾ T. d. heilivágar, (h)elja, sprund. Framandord med poetisk og fjern dâm finn vi mange av, t. d. «Nardus og safran, kalmus og kanél og allskyns vírakströ, myrrha og aloe umframt allar tær best angandi urtir.» Genitiv er teken i bruk, t. d.: «vaktarkona vingarðanna», «trö skógsins». Sjá «Varðin», bd. XII, 1932, s. 42 ff.

om Schröter har då vore merkte av det syn som vart rådande i slutten av hundreåret, som m. a. kravde nasjonalt sjølvstyre i målvegen, og som både hadde målreising og målreinsing på saklista.

Schröter var den fyrste, og han vart då mykje godt ståande åleine, i alle fall slik dette ter utetter, fordi dei som han rådførte seg med, ikkje har late høyra frå seg i trykt skrift. Han hadde ingen å læra av, og få som kunne bera han fram.

Av mange grunnar vil det vere ynskjeleg å få i stand vitskaplege utgåver av skriftene hans, breva medrekna. Fyrst då vil ein kunne døma tryggare om mannen og verket hans. Sameleis som alle andre har Schröter krav på å bli verdsett ut frå sine egne föresetnader. Han er ein mangslungen mann, som er vel verd eit studium.

SUMMARY

In 1823 Johan Henrik Schröter published his translation into Faroese of The Gospel of St. Matthew. Schröter was the first one who tried to establish a Faroese orthography for public use (e. g. in print), an undertaking which involved a great many problems. Moreover the population disliked the use of their own vernacular in The Holy Scriptures, and the linguists (e. g. P. A. Munch, Ivar Aasen and N. M. Petersen) disliked the orthophone spelling which, according to their theories, represented a mixture of linguistic structures.

The translation was carried out 1815–23. The original MS was provided with a preface and linguistic remarks, none of which were included in the printed edition. From this preface (printed in this paper) and the remarks (from which characteristic examples are given) we learn a great deal about Schröter's methods and reasons for his choice of words and phrases.

Some characteristic features of Schröter's translation are referred and discussed. The tendency is that loanwords and more literary expressions are to be found in the abstract and specific religious parts of the text. The genuine Faroese words and phrases (of which some were characterized as oldfashioned and obsolete) are to be found in the narration and in parts where concrete situations and objects are described.

The author discusses some main problems connected with a translation of this kind, problems that have general linguistic aspects. The author tries to point out that the criticism against Schröter's translation does not take into account all the difficulties Schröter had to overcome, as he himself was a pioneer, who had no predecessors from whom he could learn.

Schröter's translation was an interesting experiment, which represents an important and central work in the history of the Faroese language.